

2. desember 2014

Til Helse Førde v/ styreleiar Jorunn Ringstad

Ikkje kutt meir i barne- og ungdomspsykiatrien!

Underskrivne ordførarar – samtlege 26 ordførarar i Sogn og Fjordane - er djupt uroa over framlegget om ytterlegare kutt i psykiatrien generelt og barne- og ungdomspsykiatrien spesielt i Helse Førde sitt budsjettframlegg for 2015.

Vi opplever frå vår ståstad at kapasiteten i barne- og ungdomspsykiatrien i Sogn og Fjordane er for liten allereie. Barn og ungdom som treng desse tenestene er mellom dei aller mest sårbare i samfunnet vårt, og dei har ingen sterke pressgrupper bak seg.

Dersom vi ikkje kan gi desse borna og ungdommane rask hjelp nær der dei bur, kan det få store ringverknader både for borna og familiane deira vidare i livet.

Vi merkar oss at det frå nasjonalt hald er ein tverrpolitisk ambisjon om styrking av det psykiske helsetilbodet i åra framover – spesielt retta inn mot barn og unge. I regjeringserklæringa står det at *"Det er behov for å styrke psykisk helse, både innan forebygging og lavterskeltak, og innanfor spesialisthelsetjenesten."* Stortinget vedtok også samrøystes i vår eit framlegg om opptrapping i åra framover innan psykisk helse med særleg vekt på barn og unge (Representantframlegg 54S (2013-14)).

Ute i kommunane er vi no inne i ein periode der vi er pålagt å styrke våre eigne tenester retta mot psykisk helse for barn og unge – i samspel med helseforetaka. I så måte kjem desse nye kutta, som mellom anna vil råke sterkt Helse Førde sitt høve til å reise ut til kommunane og gi hjelp der borna bur, på verst tenkjelege tidspunkt.

Frå kommunane si side er vi heilt avhengige av at Helse Førde sitt tilbod innanfor barne- og ungdomspsykiatri er på minst same nivå som i dag. Vi vil sterkt oppmode styret i Helse Førde til å halde oppe nivået og stillingsressursane innanfor barne- og ungdomspsykiatrien.

Frida Melvær (s)

Ordførar Askvoll kommune

Noralv Distad (s)

Ordførar Aurland kommune

Harald Offerdal (s)

Ordførar Balestrand kommune

Karl Vidar Førde (s)

Ordførar Bremanger kommune

Arve Helle (s)

Ordførar Fjaler kommune

Bengt Solheim-Olsen (s)

Ordførar Flora kommune

Olve Grotle (s)

Ordførar Førde kommune

Mathias Råheim (s)

Ordførar Gaular kommune

Anders Ryssdal (s)

Ordførar Gloppen kommune

Hallvard Oppedal (s)

Ordførar Gulen kommune

Anne Britt Øen Nygård (s)

Ordførar Hornindal kommune

Jan Olav Gjerde (s)

Ordførar Hyllestad kommune

Petter Sortland (s)

Ordførar Høyanger kommune

Oddmund Klakegg (s)

Ordførar Jølster kommune

Olav Lunden (s)

Ordførar Leikanger kommune

Ivar Kvalen (s)
Ordfører Luster kommune

Jan Geir Solheim (s)
Ordfører Lærdal kommune

Håkon Myrvang (s)
Ordfører Naustdal kommune

Ottar Nygård (s)
Ordfører Selje kommune

Jarle Aarvoll (s)
Ordfører Sogndal kommune

Ole Gunnar Krakhellen (s)
Ordfører Solund kommune

Sven Flo (s)
Ordfører Stryn kommune

Marta Finden Halset(s)
Ordfører Vik kommune

Morten Hagen (s)
Ordfører Vågsøy kommune

Arild Ingar Lægreid (s)
Ordfører Årdal kommune

Alfred Bjørlo
Ordfører Eid kommune

Kopi:

Helse Vest

KS Sogn og Fjordane

Storingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Fylkesordfører